

# ÅRSMELDING 2017

## 1. Innleiing

### Kven og kva er FNF

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Møre og Romsdal er eit nettverk for mange friluftslivs- og naturvernorganisasjonar i Møre og Romsdal med til saman over 20 000 medlemskap. FNF Møre og Romsdal skal arbeide for å sette friluftsliv og naturvern på dagsorden. Auke bevisstheita om helse og livskvalitet samt kor viktig det er å ta vare på naturen og miljøet rundt oss. Med sin opne form og demokratiske styreform utgjer dei friviljuge natur- og friluftslivsorganisasjonane eit talerør for brukarane av allemannsretten i norsk utmark.

Vi er registrert i einingsregisteret og i tillegg frivillighetsregisteret.

FNF Møre og Romsdal har no 12 organisasjonar under FNF-paraplyen. Eit hovudmål også for 2017 har vore å skape eit meir forutsigbart og stabilt økonomisk grunnlag for organisasjonane tilknytta FNF. Fast driftstilskot frå fylkeskommunen utan at ein må søkje årleg har difor vore eit mål for FNF. No er det berre att to organisasjonar av våre 12 som ikkje får dette; Nordmøre og Romsdal krets KFUK-KFUM speidarane og Sunnmøre krets KFUK-KFUM speidarane. Vi har ikkje fått til noko endring knytt til dette i 2017.

2017 er det nest siste året som dei frivillige organisasjonar har ei forutsigbar ramme for sitt driftstilskot. Så i løpet av 2018 må ein sjå på dette slik at budsjettet for 2019 kan settast opp.

Den 7. mai 2015 blei det etablert ein ny organisasjon Forum for Natur og friluftsliv (FNF) sentralt som har som mål og samle alle FNF-koordinatorane i ein organisasjon. Dette vart vidareført med at FNF Møre og Romsdal vart stifta 2 mars 2016 med vedtekter og registrert i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund. Arbeidsgivaransvaret blei overført til FNF sentralt (1 okt 2016) medan styret i FNF Møre og Romsdal vil ha same mandat og arbeidsoppgåver som tidlegare arbeidsutvalet (AU) hadde.

FNF Møre og Romsdal har hatt som mål at alle dei 12 organisasjonane skal ha dei same rammebetingelsane før ein vurderer vidare utviding av organisasjonen.

## 2. Saker (eksternt)

### Saker/uttalelser

- Fast årleg driftstilskot u/søknad;
- Nedbygging av strandlina;
- Kommuneplan/reg.plan; heile fylket
- Sikring av areal til friluftsmål;
- Skjøtseltiltak i verneområda; utvalde naturtypar, lyngbrenning/slått
- Friluftslivsanlegg, turstiar, toalett (spelemidlar); heile fylket
- Frislepp av snøskuterkøyring, prøveordning for kommunar, nytt lovverk motorisert ferdsel
- Vasskraftutbygging;
- Sykkel; tilgjengelegheit ved tunellar, elektrifisering, friluftsløva
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder; heile fylket
- Inngrep i urørt natur;
- Jordvern; Gjemnes
- Turistforeningshytter; Molde
- Naust til org; heile fylket, Molde
- Skjergardsteneste; heile fylket
- Felles møtestad; speidarhuset og alt stader som Romsdal Kystkultursenter, Romsdalsmuseet

### Møter

- Fylkeskommunen
- Statens vegvesen
- Kommunar
- Fylkesmannen
- Miljødirektoratet
- SNO

### Representasjon

- Samlingar for FNF
- Ein repr. i verneområdestyret for Trollheimen, Ragnar Halle for NJFF, to repr. i rådgjevande utval for Reinheimen; Knut Festø frå Naturvernforbundet og Oddbjørn Opstad frå NJFF og ein repr. i Åsmund Steen frå ÅST i rådgjevande utval for Geiranger /Herdalen)

FNF Møre og Romsdal deler ein plass i RU for Dovrefjell med Trønderlag. Representasjon er uavklart.

### Informasjon

- Nettsida til FNF ([www.fnf-nett.no](http://www.fnf-nett.no))
- FNF – folder utlevert på møter

## 3. Organisatorisk

### Innleiing

Samansetninga av FNF i dei einsskilte fylka tek utgangspunkt i organisasjonane som er med i Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO), Friluftsrådenes Landsforbund (FL) og Samarbeidsrådet for naturvernsaker (SRN). Det er opp til organisasjonane i det enkelte fylke å avgjere kor breitt samarbeidet skal vere.

### Kven er tilslutta FNF nasjonalt

Organisasjonene som er med i Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO) og samarbeidsrådet (SRN) er; 4H Norge, Kristen Idrettskontakt, Den Norske Turistforening, Forbundet KYSTEN, Norges Turmarsjforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund, KFUK-KFUM-speiderne, Norges Klatreforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Padleforbund, Norges Røde Kors Hjelpekorps, Norges Speiderforbund, Skiforeningen, Syklistenes Landsforening, Norges Naturvernforbund og WWF-Norge. Friluftsråda er tilslutta gjennom Friluftsrådenes Landsforbund (FL).

### Kven er tilslutta FNF i Møre og Romsdal

Det er pr dato 12 organisasjonar i Møre og Romsdal som har skrevet under tilslutningserklæringa.

### Sunnmøre friluftsråd

#### Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal

#### Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

#### Norges Jeger- og Fiskerforbund

#### Molde og Romsdals Turistforening

#### Ålesund-Sunnmøre Turistforening

#### Kristiansund og Nordmøre Turistforening

#### 4H Møre og Romsdal

#### Norges Speiderforbund, Romsdal og Nordmøre krets,

#### Norges Speiderforbund, Sunnmøre krets

#### Nordmøre og Romsdal KFUK-KFUM-speidere

#### Sunnmøre KFUK-KFUM-speidere

## Styret i FNF Møre og Romsdal

FNF Møre og Romsdal blir styrt av styre som består av valde representantar frå medlemsorganisasjonane. FNF Møre og Romsdals høgaste organ er det årlege årsmøtet kor alle medlemsorganisasjonane er representert. Årsmøtet har vedtekne eigne vedtekter for organiseringa og drifta av FNF Møre og Romsdal. Styret i FNF Møre og Romsdal har i 2017 med Åsa Fredly som leiar vore;

Åsa Fredly	NJFF-Møre og Romsdal
Øystein Folden	Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Åsmund Steen	Ålesund - Sunnmøre Turistforening
Ola Fremo	Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal
May Britt Haukås	Sunnmøre friluftsråd

Det har i 2017 vore halde 5 møter med styret.

## Administrasjon

Frå 1 okt. 2016 blei arbeidsgivaransvaret overført til Forum for Natur og Friluftsliv (sentralt).

FNF Møre og Romsdal har i 2017 hatt kontor på Molde gamle stadion, Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE. Kontoret er bemanna av koordinator med tlf. 46431427 med epostadresse; [moreogromsdal@fnf-nett.no](mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no). Kontoret er plassert saman med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og Molde og Romsdal Turistforening.

## Fellesmøter

Det har i 2017 vore halde eit fellesmøte årsmøte 13 mars.

## 4. Økonomi

Den økonomiske tilstanden gir grunnlag for fortsatt drift. Det var eit overskot frå tidlegare år og ein starta difor driftsåret 2017 med kr 390 937,08 i pluss. Vi fekk kr 214 000 i driftstilskot frå fylkeskommunen i 2017. I 2016 fekk vi kr 29 000 frå Norsk Friluftsliv i driftstilskot medan vi ikkje fekk ei krone i 2017. Driftsåret 2017 viser eit underskot på kr 339 942,52 som gjer at ein no har ein eigenkapital på kr 51 335,71. Når det gjeld øvrige budsjettpostar, viser vi til rekneskap for 2017.